VOLDA KOMMUNE

HORNINDAL KOMMUNE

# REFERAT – KOMMUNEREFORM

## Møte på kommunehuset Smia

23.04.2018 kl. 09:00

**Til stades:**
Rune Sjurgard, Rådmann/prosjektleiar
Ann Kristin Langeland, Rådmann
Asbjørn Moltudal, Ass. rådmann
Hovudtillitsvalt Delta, Norunn Helene Holmøy-Wang
Hovudtillitsvalt Fagforbundet, Oddbjørg Yksnøy Rangsæter
Joakim Rødven (referent)

## Agenda:

| **Aktivitet**<br>**1. Referatet frå førre møtet v/ Joakim** | **Ansvarleg oppfølging** |
|---|---|
| Kommunikasjonsrådgjevar Joakim Rødven gjekk gjennom referatet frå sist møte. | |

| **Aktivitet**<br>**2. Orientering om prosessen med rekruttering av leiarar og fullmakter i prosjektet** | **Ansvarleg oppfølging** |
|---|---|
| Prosjektleiar Rune Sjurgard orienterte om at det er starta prosess på innplassering av leiarteamet i nye Volda kommune. Så langt er følgjande personar innplasserte, eller er i ferd med å bli innplassert:<br><br>• Ass. Rådmann: Ann Kristin Langeland (vedtak i Fellesnemnda).<br>• Personalsjef: Berit Lyngstad.<br>• Økonomisjef: Kari Mette Sundgot.<br>• Kommunalsjef, Oppvekst: Per Ivar Kongsvik.<br>• Kommunalsjef, Helse og omsorg: Svein Berg-Rusten er i ferd med å bli innplassert.<br>• Kommunalsjef, Samfunnsutvikling: stillinga vert lyst ut eksternt.<br><br>Vidare prosess på dette området vert å ta opp med leiargruppa for nye Volda der dei respektive leiarane må utarbeide prosjektplan. | RS |

| Aktivitet<br>**3. Kartlegging av tilsette som vert berørt av samanslåinga og gjennomføring av samtale** | Ansvarleg oppfølging |
|---|---|
| I samband med erfaringsseminaret om kommunesamanslåing på Gardermoen hadde Klæbu kommune eit innlegg der det vart presentert eit kartleggingsarbeid der alle tilsette fekk ein samtale om korleis dei kunne bli berørt av samanslåinga med Trondheim kommune.<br><br>Føremålet med ein slik tilsettsamtale var å halde tilsette orienterte om prosessen, samt kartlegge kompetansen, interesser, ønskte arbeidsoppgåver og liknande som dei tilsette i organisasjonen har.<br><br>I den oppfølgjande prosessen må arbeidsgjevar også ha fokus på rett kompetanse på rett plass for å finne dei beste løysingane for den nye kommunen.<br><br>Eit liknande opplegg bør drøftast i Volda/Hornindal. Det vert å diskutere med personalsjefen for nye Volda om eit eventuelt opplegg. | RS/BL |

| Aktivitet<br>**4. Orientering frå erfaringskonferansen på Gardermoen 11. og 12. april og prosjektleiarsamling i Møre og Romsdal 18. april** | Ansvarleg oppfølging |
|---|---|
| Prosjektleiaren gjekk gjennom moment som vart teken opp på erfaringsseminaret på Gardermoen. Aktuelle tema som vart tekne opp, og som nye Volda må jobbe vidare med, var:<br><br>• Kartleggje interne arbeidsavtaler<br>• Harmonisering av løn<br>• Struktur på tillitsvaltordninga i ny kommune<br>• Ungdomsråd for nye Volda kommune<br>• Digitalisering<br>• Gevinstuttak ved digitalisering – måle effekt – nullpunktanalyse<br>• «Ta vekk plan B» for å unngå at ein brukar dei gamle løysingane når dei nye er på plass.<br>• Kommunane tek ofte for små skritt – viktig å tenkje større.<br>• Nytte høvet til å rydde når ein først skal gjennomføre ei samanslåing<br>• «Konsulentskulen» - unngå at dataselskapa reiser med kompetansen når det skal gjerast oppdateringar endringar – viktig å involvere tilsette i dei praktiske omleggingane<br>• Politikarane må vere bevisste på at administrasjonen vert belasta med kommunesamanslåinga framover og må bu | |

| | |
|---|---|
| seg på å avvikle dei gamle kommunane. Den nye kommunen må ha fokus.<br>• Byggje kompetanse i alle ledd om å gjere dei rette tinga.<br>• Vere synlege på fleire kommunikasjonskanalar<br>  o «Voldablad»<br>• Kartleggje tilsette som vil kunne verte berørte av ny organisasjon i nye Volda.<br>• Gjennomgang av innkjøpsavtalar og avtalar om interkommunalt samarbeid<br>• Kriterium ved innplassering og rettskrav<br>• Prosjektoversikt<br>• Lokalisering<br>• Innplassering/rekruttering<br>• IKT-strategi og handlingsplan<br>• Saksgang gamal og ny kommune<br>• Skyggebudsjett<br>• Forretningsorden for fellesnemnda<br>• Valet 2019<br>• Konstituerande møte etter valet 2019<br>• Diverse kjelder for informasjon og rettleiing (KS-læring, innkjøpsrettleiar og Kartverket si sjekkliste)<br>• Rolleavklaring<br>• Leiarteam for nye Volda<br>• Fiber mellom Grodås og Volda<br>• Visjon/slagord og profil | |

| **Aktivitet**<br>**5. Drøftingsmøte med hovudtillitsvalte 30. mai** | **Ansvarleg oppfølging** |
|---|---|
| Det er bestemt at det vil verte eit drøftingsmøte med dei hovudtillitsvalte den 30. mai. På dette møtet vil det fase 2 i organiseringsprosessen bli drøfta. Dette går på til dømes utvalskriterium og korleis dette skal handterast prinsipielt.<br><br>Eit anna tema som vil verte drøfta er frikjøp framover.<br><br>Personalsjef Berit Lyngstad vert beden om å setje opp ein agenda for møtet. | BL |

| **Aktivitet**<br>**6. Informasjonstiltak** | **Ansvarleg oppfølging** |
|---|---|
| **Lokal presse**<br>I førre veke deltok Møre og Fjordingen på eit pressemøte med prosjektleiaren for Nye Volda og leiaren i Fellesnemnda i samband med Fellesnemnd-møtet på Grodås. | |

| | |
|---|---|
| **Nettstrømming av møter**<br>Ein bør vurdere å gjere møter tilgjengeleg for nettstrømming, som til dømes Fellesnemnda. Dette kan til dømes vere heile møter eller sekvensar for særskild interessante saker.<br><br>**Arbeidsplassbesøk**<br>Prosjektleiaren og personalsjefen for nye Volda, samt kommunikasjonsrådgjevaren, planlegg å besøke ulike kommunale arbeidsplassar i Hornindal 16. mai. Tilsvarande besøk kan også vere aktuelt for til dømes omsorgssenteret i Volda. | JR/POT<br><br><br><br>BL/RS/JR |

| **Aktivitet**<br>**7. Utlysing av stillinga som kommunalsjef for samfunnsutvikling** | **Ansvarleg oppfølging** |
|---|---|
| Det er eit ønskje frå prosjektleiaren om å få lyst ut stillinga for kommunalsjef for samfunnsutvikling før sommarferien, slik at den nye kommunalsjefen kan tre til i stillinga innan oktober månad. Dette for å unngå at det vert eit «vakuum» i prosessen for vidare organisering av sektoren. Her må ein vurdere om tidsplanen er realistisk. Dersom det vert for knapp tid til god prosess, så må utlysinga skje etter ferien med tiltreding ved årsskiftet.<br><br>Norunn og Oddbjørg avklarar innan 27. mai ein tillitsvalt frå kvar kommune som skal delta i rekrutteringsprosessen. Det er viktig at desse representerer oppgåveområdet som ligg til den nye sektoren. | RS<br><br><br><br><br><br>OYR/NHHW |

| **Aktivitet**<br>**8. Oppfølging etter møtet i fellesnemnda 19. april** | **Ansvarleg oppfølging** |
|---|---|
| **NAV/Landbruk**<br>Prosjektleiaren følgjer opp med leiaren i Fellesnemnda rundt avtale med Ørsta for å kome vidare med prosessane innanfor desse tenesteområda.<br><br>**Kommunevåpen**<br>Kommunikasjonsrådgjevaren tek kontakt med vinnarane for utbetaling av premie for deltaking. Kommunikasjonsrådgjevaren startar også ein prosess med å implementere det nye kommunevåpenet i kommunens profil (brevmal, profil, osv).<br><br>Elles vert det å sende ut melding om vedtak i relevante saker som vart handsama under Fellesnemnda. | RS/SOL<br><br><br><br>JR<br><br><br><br>JR |

| **Aktivitet**<br>**9. Saker til fellesnemnda 7. mai** | **Ansvarleg oppfølging** |
|---|---|
| **Politiske saker**<br>- Reglement for Fellesnemnda<br><br>**Orienteringssaker**<br>- ROS-analyse<br>- Ny næring på gamle tufter<br>- Invitere Fylkeskommunen til diverse orienteringar (tannhelse, samferdsle, VGS)<br>- Orientering om digitaliseringsstrategi | AM<br><br><br>AM/JR<br>JA<br>Leiar for FN<br><br>RS/POT |

| **Aktivitet**<br>**10. Oversikt over prosjekt og prioritering av aktivitetar** | **Ansvarleg oppfølging** |
|---|---|
| - Rigge leiargruppa – prosess på vidare organisering.<br>- Førebu opplegg for kartlegging av tilsettsamtalar<br>- Prosjektplan IT<br>- Satsingsområde (digitalisering).<br>- Prosjektoversikt<br>- Dele organisasjonen etter aktivitetar framover. | RS<br>BL<br>POT<br>RS/POT<br>RS/AM |

| **Aktivitet**<br>**11. Eventuelt** | **Ansvarleg oppfølging** |
|---|---|
| | |

Neste møte: vert bestemt ved eit seinare tidspunkt

**Møtet slutt kl. 10:53**

Volda, 24.04.2018

*Joakim Rødven*
*Kommunikasjonsrådgjevar*
*Samfunn og Rådgjeving*

*Mobil 48229993*
*www.nyevolda.no*